

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 27.02.2023 |

Møte i Representantskapet i NoMil

Stad: Møte var elektronisk via Teams.
Tid: Fredag 27.03.23 kl. 14:00 – 14:45

Leiar av representantskapet Leidulf Gloppestad ynskje velkommen og gjennomførte opprop. Totalt 10 av 16 representantar møtte, deltakarliste følgjer vedlagt.

* * *

SAK 01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

- innkalling og sakliste
- Til å skrive under møteboka vart valde:
 - Gunnar Silden og Per Kjøllesdal

Representantskapsleiar si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 02/23 EIGARSKAP I RETURA NOMIL AS

BAKGRUNN

Viser til orientering til representantskapet i orienteringssak 06/22 og sak 11/22.

Som representantskapet er orientert om i tidlegare saker, ynskjer Retura NoMil AS å etablere eit eige anlegg på sin eigen tomt i Eidsmona. Grunnen til dette er mellom anna at NoMil sin aktivitet dei siste åra har auka kraftig auke i både avfallsmengde og tal tilsette på anlegget i Eidsmona. Dette har ført til at arealet som Retura NoMil no leiger er for lite til vidare ekspansjon.

Styret i NoMil har vurdert førespurnad frå Retura NoMil AS om å skyte inn ny kapital for å få realisert den planlagde utbygginga. Styret har konkludert med at ein ikkje ynskjer å investere i eit nytt anlegg i Eidsmona, men heller ser føre seg at det kan bli andre prosjekt som vil vere meir naturleg å investere i som til dømes biogassanlegg.

Med ein eigardel på 33% har ikkje NoMil innflytelse åleine til å påverke den vidare drifta, investeringar eller avfallsløysingar i Retura NoMil AS. NoMil har vore i dialog med dei andre eigarane om oppkjøp av deira aksjar, alternativ sal av våre aksjane i Retura NoMil.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 27.02.2023 |

SAKSUTGREIING

Styreleiar og administrasjonen i NoMil gjennomførte drøftingar om framtidig samarbeid og eigarskap med dei andre aksjonærane på eigarmøte måndag 27.02.2023. Før innkalling til eigarmøte hadde ingen aksjonærar meldt interesse for sal av egne aksjar. Den 23.02.2023 fekk NoMil informasjon om at styret i BIR Bedrift AS har vedteke å innleie forhandlingar med NoMil med mål om å kjøpe alle våre aksjar (33%) i Retura NoMil AS for inntil kr. 870.000,-. Pris pr. aksje tilsvarende det NoMil tilbød dei andre aksjonærane ved eit eventuelt oppkjøp.

Styret gjorde i sak 11/23 følgjande samrøystes vedtak;
«Styret i NoMil aksepterer tilbod på sal av 33% av aksjar i Retura NoMil for kr. 870.00,- til dei andre aksjonærane direkte, eller andre eigarar etter nærare avtale».

Etter avtale med leiar i representantskapet vert styrevedtak lagt fram for representantskapet til handsaming med følgjande :

INNSTILLING

Styret i NoMil sitt vedtak i sak 11/23 om sal av 33% av aksjar i Retura NoMil for kr. 870.00,-vert teke til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

ORIENTERING

Prosjekt: «Kartlegging av renovasjonsruter og ergonomiske arbeidsforhold for sjåførane»

På slutten av møte orienterte administrasjon og styreleiar om eit prosjektet med Sunnfjord Miljøverk, SIMAS og NoMil som deltakarar.

Målet er å

- optimalisere plassering av dunkar med omsyn til trafikksikkerheit, sikkerheit og ergonomiske arbeidsforhold for sjåførane og vegane sine bruksklassar
- opparbeide eit fagleg grunnlag for å ta avgjersle for plassering av dunkar
- få ein uavhengig 3. parts vurdering av forholda og eventuelle behov for endringar
- grunnlag for å vurdere type renovasjonsløyising, dunk eller botntømd
- grunnlag for å etablere samleplassar for dunka
- bedriftshelsetenesta eller anna selskap med kompetanse på området gjer ei vurdering av dei ergonomiske og fysiske arbeidsforholda til sjåførane, og utarbeidar ein rapport med funn frå kartlegginga og eventuelle forslag til tiltak.

Undersøkinga kan få konsekvensar for framtidig renovasjonsløyising med omsyn til bilstorleik og bemanning, renovasjonsgebyr og behov for endring av gjeldande standardforeskrift. Styret ynskjer ein dialog med eigarkommunane og legge fram sak for representantskapet.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|